



Ingvald Eilert Sagstad  
Dalstøvegen 68  
5918 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 23/6960 - 23/71667

Saksbehandlar:  
Anngunn Marie Gullbrå  
anngunn.gullbra@alver.kommune.no

Dato:  
13.09.2023

## **Adressetildeling Dalstøvegen 68B og adresseendring frå Dalstøvegen 68 til 68A - gbnr 318/30**

**Administrativt vedtak: Saknr:**

### **VEDTAK:**

Med heimel i Lov nr 101 av 17. juni 2005 om eigedomsregistrering (matrikkellova) § 21 og tilhøyrande forskrift kap.12, og felles kommunale retningslinjer til lovheimelen for kommunar i regionen Nordhordland og Gulen, har Alver kommune gjort følgjande adresseendring og adressedeling:

<b>Gbnr</b>	<b>Brukseining</b>	<b>Eks. adresse/ husnr.</b>	<b>Ny tildelt adresse/husnr.</b>
318/30	H0101 (Hovudbueining)	Dalstøvegen 68	Dalstøvegen 68A
318/30	H0101 (Utleigebueining)	Ingen	Dalstøvegen 68B

**Kommunen har registrert adressene i det nasjonale adresseregisteret Matrikkelen.**

### **Saka gjeld**

I samband med godkjent endring av hybel til sjølvstendig utleigebueining med eiga inngangsdør er det behov for ei ny adresse til bustad på eigdommen 318/30.

### **Vurdering**

Vegen som eigdommen har tilkomst frå har adressenavnet Dalstøvegen.

De vart spurt om adresseynskjer i brev tidlegare i dag, og eine eigar kom med rask tilbagemelding pr e-post om at de ynskja bruk av bokstavar for å skilla hovudbueining og utleigeeining. I tråd med praksis i Alver, vert hovudeiniga tildelt 68A, og utleigeeininga får 68B.


Då behovet for endring kjem som direkte fylgje av ein søknad om endring av eksisterande situasjon, vert adresseendringa gjennomført med det same.

Det kan verte behov for eige husnummer dersom det vert godkjent nytt bustadhus på eigedommen 318/87.

Tildeling av adresse er i tråd med retningslinjer for adressetildeling og adresse vert difor tildelt.

Offentlege etatar hentar opplysningar om adresseendinga frå matrikkelen. Eventuelle private kontaktar må de melda adresseendinga til sjølv. Eventuelle leigetakarar må de også informera om adresseendinga.

Adressene viser også på kartutsnitt under.



Eigar er ansvarleg for å merke adressa med godkjendt husnummer-skilt med svarte tal på reflekterande botn ( sjå døme) og i nokre tilfeller også eventuelt nødvendig tilvisings-skilt.

**Husnummer må vere på plass før bygget vert teke i bruk.**



I tilfeller der bygget med adresse ikkje synes frå adressevegen er det nødvendig med tilvisingsskilt ved avkøyring til sideveg. Der eigedommen som har fått adressa strekkjer seg heilt fram til vegen ( der avkøyringa er), har eigar sjølv plikt til å setje opp også eventuelt nødvendig tilvisings-skilt.



Du finn meir informasjon om slike skilt på kartverket sine nettsider:

<https://www.kartverket.no/eiendom/adressering/skilting-av-adresser>

### Regelverk

- Lov nr 101 av 17. juni 2005 om eigedomsregistrering (matrikkellova) § 21
- Forskrift om eigedomsregistrering ( matrikkelforskrifta) Kap. 12.
- Felles kommunale retningslinjer til lovheimelen for kommunar i regionen Nordhordland og Gulen

### Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

### Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: «ArkivSakID»

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Kart og oppmåling

Tommy Veland  
Avdelingsleiar

Anngunn Marie Gullbrå  
avdelingsingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### Mottakarar:

Ingvald Eilert Sagstad  
Reidun Dale Sagstad

Dalstøvegen 68  
Dalstøvegen 68

5918 FREKHAUG  
5918 Frekhaug